

ÅRSPLAN del 2

RUSTE BARNEHAGE

BARNEHAGEÅRET 2025-2026



Årsplan del 2 bygger på Årsplan del 1, som førebels er vår opprinnelege årsplan. Denne er under revidering og skal vere klar 1.januar 2026. De finn link til denne her under avsnittet “Barnesyn og pedagogisk arbeid”.

I del 2 finn dykk informasjon om det å ha barn i barnehagen; både om det pedagogiske arbeidet og praktisk informasjon.

Barnehagen har 88 plassar dette barnehageåret, barn opp til 3 år teller to plasser. Frå august er det 72 barn fordelt på 4 avdelingar i Ruste barnehage.

Nytt barnehageår starter i veke 33, 11. august 2025.

Den fyrste veka har vi tre planleggingsdagar for personalet, måndag 11., tysdag 12., onsdag 13. august. Då er barnehagen stengt.

Det vil seie at fyrste dag for ungane blir torsdag 14. august.

Opningstid

Barnehagen er open kl. 07.00 – 16.30, måndag til fredag. De nyttar plassen slik de har behov for, men vi ynskjer at barna til vanleg er her seinast kl. 09.15 på morgonen. Inndeling til smågrupper og ulike aktiviteter tek til kl. 09.30, og for barnet sin del er det godt å vera på plass til då. Det er utfordrande å kome midt i noko som er i gang.

Til vanleg vil dykk bli møtt av ein frå personalet når de kjem inn på avdelinga, som bl.a. kan ta i mot eventuelle viktige beskjedar.

Gje beskjed via appen «Min barnehage-foresatt» seinast kl. 09.00 dersom barnet kjem seinare enn kl. 09.15. Gje og beskjed til personalet dersom barnet blir henta tidlegare.

Dersom andre skal hente barnet ditt skal vi ha beskjed om det. Med tanke på sikkerheit må barn ikkje bli henta utan at ein vaksen i barnehagen er informert om det.

Barnehagen er open heile året med følgjande unntak:

- Sumarferiestengd 3 veker (2025 veke 29+30+31)
- Stengt på «raude» dagar.
- Nytt barnehageår starter i veke 33.
- Stengt 5 kurs- og planleggingsdagar i løpet av året. Desse dagane er for bhg.året 25/26 fastsett til: 11., 12. og 13. august, 28.november og 23.juni.
- Stengt 24.12., romjul, og påskeveke.

God start – tilknyting!

Barnehagen har ein eigen folder omkring tilvenning i barnehagen.

Vi anbefaler at dykk les igjennom denne folderen for å få vite noko om kva vi tenkjer er viktig angående oppstart i bhg.

<https://www.nord-fron.kommune.no/f/ib94c41ce-d150-4ade-8076-88b2ba194097/rutine-for-tilvenning-web-3.pdf>

Avdelingar/grupper:

Barnehagen har dette året 4 avdelingar:

- Hånåhoppet
- Liaåksla
- Feforkampen
- Hågåhaugen, friluftsavdeling for dei eldste barna i barnehagen. Dei har ordna seg eit eige område i skogen med gapahuk, bål plass og div. sjølv laga «leikeapparat». Dei disponerer ei avdeling oppe og rom i kjellaren.

Gjennom året vil det vere samarbeid både i større og mindre grupper på tvers av avdelingane. Det vil og vere samarbeid mellom avdelingane både på morgonen og på ettermiddagen.

Tilsette:

HÅNÅHOPPET:




Miriam Rydland, pedagogisk leiar




Hanne Kroken, pedagogisk leiar




Caroline Haverstadløyken
Haverstad, fagarbeider



Anne Grambo, pedagog



Liv Jone Hermansson, fagarb.



Rita Moen, fagarbeider


LIAÅKSLA:



Anita Moen, pedagogisk leiar



Ahne Lågrinn, pedagogisk leiar



Silje Nedrud, lærling



Marte Vole Hage, fagarbeider


FEFORKAMPEN:



Maria Stenbakk, pedagogisk leiar



Mette Nyhus, pedagogisk leiar



Hanne Grete Bækken
Blakar, fagarbeider



Heidi Lindsø, fagarbeider



Elisabeth Randheim,
spesialpedagog

HÅGÅHAUGEN:



Elisabeth Krok, pedagogisk leiar



Gudveig Flittie Skurdal, pedagogisk leiar



Kenneth Martinsen Ophus, fagarbeider



Silje Anita Kristiansen, fagarbeider



Østen Hagestuen, fagarbeider



Alice Klypen Slåen, fagarbeider



Elisabeth Randheim,
spesialpedagog



Kokk: Anne Midtmageli



Styrar/tenesteleiar: Kari Bragelien



Assisterande styrar: May-Britt Gladhaug

Tilkallingsvikarer:



Gerd Johnsen



Halyna Borshchova



Bettina Rognli



Marita Anderstuen




Eilin Bjørnhaug



Olena Chernyshevska



Thea Kleiven(skoleferier)



Malin Myromslien (skoleferier)

BARNESYN OG PEDAGOGISK ARBEID

Rammeplan for barnehager er førande for arbeidet vårt. [Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver bokmål \(udir.no\)](#) Ut ifrå den utarbeider vi årsplan. Årsplan del 1 ligg på heimesida til Nord-Fron kommune, [arsplan-barnehagearet-2021-2024-kommunale-barnehagar.pdf \(nord-fron.kommune.no\)](#). Denne har vorte forlenga i 2025 – vi held altså på med ny årsplan og den skal vere klar til 2026.

Personalet i barnehagen skal legge til rette for eit godt læringsmiljø, ute og inne(rom, materiell, miljø). Barna sine tankar og idear, interesser, kunnskap og ferdigheiter skal vere utgangspunkt for gode læringsprosessar og tema i det pedagogiske arbeidet vårt. Vi skal vera tilgjengelege og vere med i undring og utforsking saman med barna. Ved å stimulere barna si nysgjerrigheit, deira vitebegjær og lærelyst, vil dei utvikle iver og glede ved å lære. Barna skal oppleve meistring og anerkjenning. Dei skal våge å vera seg sjølv, våge å ha ei meining, stå for den og stole på eigne erfaringar. På den måten vil vi gi barna erfaringar på at ulikheiter er ein verdi og at alle er like verdifulle.

Vi har eit bevisst forhold til barn sine behov for gode relasjonar. For barn er det viktig å oppleve å ha vener. Barn sine møte med kvarandre i barnehagen gjev rike moglegheiter for erfaringar og opplevingar med jamaldringar. Gjennom dagleg møte med andre barn blir dei kjent med seg sjølv og med andre, og får erfaringar som fremmer sosial kompetanse.

Vi som vaksne må ha eit vakent auge med kva for status det enkelte barn har i gruppa, og arbeide aktivt for å skape eit godt inkluderande barnehagemiljø. I tråd med Lov om barnehage §§41-43 har vi rutiner for kva vi gjer dersom barn opplever at dei ikkje har eit trygt og godt barnehage-og skulemiljø [plan-for-trygt-og-godt-barnehage-og-skulemiljo-revidert-og-gjeldande-fom-211221.pdf \(nord-fron.kommune.no\)](#)

Deler av dagen er barna organisert i smågrupper(for prosjektarbeid og lek i liten gruppe), fordi:

- Barna treng tilhøyrsløse til ei liten gruppe.
- Vi får betre kontakt med og kjennskap til det enkelte barnet.
- Alle barna blir sett og hørt gjennom dagen.
- Det enkelte barnet deltek meir aktivt i smågruppe.
- I smågrupper kan barna konsentrere seg, alle slepp til og kan dele opplevingar.
- Det skapar ein nødvendig tryggleik for både barnet, foreldra og personalet.
- Vi kan nytte romkapasiteten maksimalt når nokon av gruppene er ute og andre er inne til kvar tid. Det gir og gode arbeidstilhøve for barn og vaksne.

Den frie leiken er og vektlagt utanom smågrupper bl.a. fordi:

- Alle barn skal oppleve glede og kjenne på meistring gjennom variert leik i eit fellesskap med andre.
- Barnet i leiken gjer oppdagingar på eigenhand.
- Leiken er barnet sitt «arbeid».
- I leik kan barnet få bearbeide ulike kjensler og bli kjent med seg sjølv og andre

Våren 2024 starta vi opp eit forbetningsarbeid med leiken og leikemiljøet . Vi har jobba målretta og systematisk for at barna skal møte eit fleksibelt, meningsfullt og inkluderande miljø. Kroppslege møteplasser og leiketorg der barna kan sette igang, styre og strukturere sjølv, nok materiell til å tømme, fylle, frakte, samle, putte, helle, imitere, improvisere og sanse, spennande leiketemakofferter og autentiske rekvisitter er noko av det vi har hatt fokus på i dette prosjektet.

De finn meir om leik i Årsplan del 1!

Hausten 2025 utvider vi forbedringsarbeidet til å omfatte prosjektarbeid med barna. Leik er fortsatt i fokus, prosjektarbeid er ein arbeidsmåte vi har hatt i mange år, og dette året skal vi arbeide ekstra med dette.

Prosjektarbeid er ein prosess, det handler i stor grad om vår måte å vere saman med barn på, og kva vi er saman om. Leiken er drivkraft fordi fiksjon og leikande samspel er måten for barn å vere saman på. Vi ynskjer å bruke prosjektarbeid for å praktisere barns rett til å bli hørt, ytre seg, tenke fritt og til å leike! (FN barnekonvensjon art. 12,13,14,31)

Utviklingsarbeid – plan for året:

Barnehagen er ein lærande organsiasjon som heile tida er i utvikling, og vi arbeider kontinuerleg med forbedring av kvaliteten. Vi bruker metoda aksjonslæring, der vi heile tida reflekterer over praksisen vår. Her er ei skisse over pågåande utviklingsarbeid, som viser visjon, mål og måлиндikatorer:



De vil sjå att dette i dokumentasjon og planer i avdelinga

SAMARBEIDSPARTNERE

- Helsestasjonen [Helsestasjon - Nord-Fron kommune](#)
- Midt-Gudbrandsdal pedagogisk og psykologisk rådgivningstjeneste [Midt-Gudbrandsdalen Pedagogisk-Psykologisk rådgjevingsteneste \(MGPP\) - Sør-Fron kommune](#)
- Midt-Gudbrandsdal barnevernstjeneste [Midt-Gudbrandsdal Barneverntjeneste - Ringeby kommune](#)
- Ressursteam barn og unge, består av PPT, barnevern, helsesjukepleier og psykolog, eit team der du kan drøfte bekymringer rundt barnet ditt. [Microsoft Word - Brosjyre RBU 2023 \(002\) \(002\)](#)
- Sør-Fron, Ringeby og Nord-Fron kommune samarbeider om kompetanseutvikling av personalet, [Kompetanseutvikling i barnehage, skole og fag- og yrkesopplæring | udir.no](#)

PRAKTISK INFORMASJON

Kommunikasjon med heimen

Muntleg dialog er det aller viktigaste - ved henting, levering, i planlagte og spontane samtaler, ansikt til ansikt eller på telefonen.

Praktisk informasjon vert sendt ut i barnehageappen «Min barnehage - foresatt», som er ein app som dykk foreldre kan bruke i kontakt med barnehagen. Last ned appen på din telefon og registrer deg der. Be om hjelp dersom du treng det!

Her kjem beskjeder og dagbøker frå barnehagen, og de legg sjølv inn fråvær og sender beskjeder. Hugs å aktivere varsler på innstillingene på telefonen din.

Hugs å gje beskjed om de har ny kontaktinformasjon etter at dykk søkte bhg.plass, td. telefonnummer eller e-post, slik at dykk er sikre på å få den informasjonen dykk skal, og at vi kan få tak i dykk ved behov.

[Min Barnehage-app for foresatte | Visma Flyt Barnehage \[Gratis app\] - Visma](#)

Måltid

Dei som ynskjer det kan eta frukost (ta med frå heime) i barnehagen mellom kl. 7.00 og 08.30. Formiddagsmat frå ca. kl. 11.00. Vi er så heldige at vi har eigen kokk som serverer variert mat, ofte varmmat. Ettermiddagsmat ca kl. 13.30/14.00 kan vera knekkebrød, brødsiver, yoghurt og frukt. Send med barnet ei drikkeflaske med vatn som vi har tilgjengeleg heile dagen. Føresette har ansvar for å ta med flaske heim kvar dag for vask og påfyll.

Stell

Foreldra tek med bleier og salve til dei som bruker det, det same gjeld solkrem. Barnehagen held eingongs-vaskeklutar. Barnet har eigen korg til sine ting på stellerommet. Om de bruker kuldekrem om vinteren, må du smøre barnet sjølv før

dykk kjem, og sende med krem i barnehagen. Etter samråd med helsesøster bruker ikkje barnehagen kuldekrem, utan at foreldre ber spesielt om det, og har med frå heime.

Kvile

Vi har tilrettelagt for soving ute i vognskur eller inne i soveavdeling. Vi gjer avtale med dykk i høve til ynskjer og behov. Primært ynskjer vi at barn over eitt år søv inne i seng. Årsakar er sikkerheit, å sleppe å bruke vognsele, betre oversikt over barna, og det kan gi personalet mindre fysiske belastningar ift. løfting. Det er og ein fordel å sleppe å ha med eigen vogn for dykk.

Vi har sovevakt som er tilstades i soveavdelinga og sjekker barna jevnleg mens dei søv.

Mange av dei som starter som 1-åring er vant til å sove i vogn ute og det kan passe bedre for dei i starten. Vogn og soveposar etc. må vere med frå heime, men kan gjerne stå att i barnehagen.

Klede

Garderoba er delt inn i fingarderober og grovgarderober.

I fingarderober har barna kvar sin plass med korg til skiftklede. I korga skal det alltid ligge to fulle ekstra skift med klede. Alle barn skal bruke innesko i barnehagen.

I grovgarderober skal det vere utesko, regnkled, dress.

Av omsyn til reinhaldet er det viktig at alle utesko blir sett opp på hylla på barnets plass i grovgarderober.

Ved å namne barna sine klede og utstyr gjer du det lett å halde orden!

Bursdagsfeiring

Bursdagen er og skal vera ein spesiell dag for den det gjeld. Vi heng ut flagg og sett opp bilete av bursdagsbarnet på døra ved inngangen. Meir informasjon om andre tradisjonar kjem frå avdelingen. Vi ynskjer at det ikkje tek med kake e.l frå heime.

Ferie

Etter vedtektene skal barna ha minst 5 veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av desse skal vere samanhengande, og takast ut i perioda mai – august. Barnehagen er stengt tre veker om sommaren. Plandagar, fem i året, og dagar barnehagen er stengt i samband med jul og påske kan reknast som ferie.

I skoleferier elles er det ofte færre barn i barnehagen. Vi vil ha beskjed dersom de tek fri, meld frå i app. Det har betydning for god bruk av barnehagen sine ressursar.

Sjukdom og medisiner

Dersom barna vert sjuke og ikkje skal i barnehagen ber vi om at foreldra gjev beskjed om det. Det er barnet sin allmenntilstand som avgjer om dei kan koma i barnehagen, - det er viktig å hugse på at det er svært slitsamt for barnet å vera i barnehagen når allmenntilstanden er dårleg.

Barna skal ikkje vera i barnehagen dersom dei har feber, smittsame sjukdomar eller oppkast/diare. Ved oppkast/diare skal barnet vere heime 48 timar etter siste "utbrot".

Vi følgjer råd frå Folkehelseinstituttet, så er dykk i tvil kan dykk ta ein titt på deira sine sider.

Om tilsette skal gje ut medisin i barnehagen, må det fyllast ut eige skjema på dette (Medisinhandling).

Vi ringer foreldra dersom barna vert sjuke i løpet av dagen, eller dersom vi er i tvil om allmenntilstanden.

Kan barnet ta med seg leiker frå heime?

Dei som skal kvile kan gjerne ha noko kjent og kjær med seg i senga/vogna.

Av og til, og særleg i oppstarten, kan det vera trygt og godt for barnet å ha med seg noko frå heime(bamsen el.l.).

Utover det vil vi ikkje at det skal vere med leiker frå heime i barnehagen, unntak ved individuelle avtaler med personalet. Å ha med seg noko i sekken eller i hylla kan vera forstyrrande for lek og vennskap; at nokon skal sjå, låne av kvarandre, noko blir øydelagt osv.

RÅD OG UTVAL

Foreldre sin medverknad i barnehagen sitt daglege liv er svært viktig for å skape gode samanhengar mellom heim og barnehage. Medverknad er både foreldra sitt engasjement i det som skjer og blir arbeidd med til kvar tid, og det det samarbeidast gjennom:

Foreldreråd er alle foreldre som har barn i barnehagen. Dette er føresette sitt forum der dykk kan møtast og drøfte felles saker. Det er føresette sjølve som organiserer foreldrerådet.

Foreldrerådet sitt arbeidsutvalg (FAU) er valgt av føresette. Dei skal representere alle føresette på si avdeling, og kan ta med deira idear, spørsmål, og ynskjer inn i møter.

Arbeidsutvalget har ansvar for å etablere gode møteplassar der foreldre og barn kan møtast utanom barnehagedagen, slik som juletrefest og sommarfest. Andre oppgaver kan vera at dei har ansvar for barnehagen si deltaking i 17.mai-toget.

Leiar og nestleiar i arbeidsutvalget er foreldrerådet sin representant i samarbeidsutvalet.

Val av representantar i arbeidsutvalget blir gjort i forkant av foreldremøte.

Samarbeidsutvalget er satt saman av føresette og tilsette i barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal uttale seg i alle saker som er viktige for føresette, og har den endelege godkjenninga av årsplanen.

Styrar er sekretær i SU.

Telefonnummer til barnehagen:

Hånåhoppet 90250483

Liaåksla 90272116

Feforkampen 90289173

Hågåhaugen 90045457/45330318

Kontoret/styrar: 61295306/41632002

Kontoret/ass.styrar: 61295306/41622650

Mvh Kari Bragelien

May-Britt Gladhaug

Ynsker du å lese meir – sjå [Barnehage - Nord-Fron kommune](#)